



Forum Arkitekter AS
Steinar Barmen
Damsgårdsveien 16
5058 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/128 - 19/1545

Saksbehandlar:
Kjell Langeland
kjell.langeland@modalen.kommune.no

Dato:
26.06.2019

Rammeløyve ombygging brannstasjon

Delegasjonssak nr.: 014/2019

Vedtak

Kommunen gjev rammeløyveløyve til etablering av ombygging brannstasjon som vist på teikningar, kart og skildring mottatt 08.05.2019, jf plan- og bygningslova (pbl) § 20-1.

Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

Før igangsettingsløyve vert gjeve, skal følgjande dokumentasjon vera sendt inn og godkjent av bygningsstyresmaktene:

- a Eventuelt reviderte teikningar.
- b Erklæring om ansvarsrett for fagområda prosjektering ,utføring og kontrollerande §23-1
- c Arbeidstilsynet § 21-5

Tiltaket vert ikkje tillete satt i gang før det ligg føre løyve til igangsetjing.

Igangsetjingsløyve vert gjeve etter at fullstendig søknad etter pbl§ 21-2 femte ledd er sendt inn og kontrollomfang er definert.

Dette løyvet, med dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vera tilstade på byggeplassen. Eventuelle endringar må søkjast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.



Det er levert inn gjennomføringsplan for desse fagområda:

Føretak	L/S*	Funksjon
Forum arkitekter AS	S	Ansvarlig søkjar
Forum arkitekter AS	S	Ansvarlig prosjekterende arkitektur estetikk

* S = sentral godkjenning, L = lokal godkjenning

Søknaden

Etter tilsyn frå arbeidstilsynet er det funne fleire manglar ved brannstasjonen på Mo. Det er derfor naudsynt å byggja om brannstasjonen for å tilfredstill krava. Dette gjeld mellom anna skilje mellom rein og skitten sone. Dette på grunn av kreftfare. Det vert også laga kontor, opphaldsrom og toalett. Det vert sett inn to nye portar.

Nabotilhøve

I medhald av reglane i plan- og bygningslova § 21-3 andre ledd blir det gjeve fritak for varsling til eigarane av gbnr 76/1 og 76/6. Ein finn at deira interesser ikkje blir råka av arbeidet.

Uttale frå andre mynde

Eventuelle merknader frå arbeidstilsynet må innarbeidast i planane.

Plangrunnlag

Eigedomen vert omfatta av reguleringsplan 12521991001.

Veg og tilkomst

Nytta eksisterand tilkomst

Visuell utforming

Tiltaket har etter plan- og bygningsstyresmakta sitt skjøn gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i høve til si funksjon og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf plan- og bygningslova § 29-2.

Tryggleik mot fare

Flom sikkerhetsklasse F2
Skred Sikkerhetsklasse S1

Vatn- og avlaup
Tilknyttta offentlig.

Oppsummering og konklusjon

Kommunen gjev rammeløyveløyve til etablering av ombygging brannstasjon som vist på teikningar, kart og skildring mottatt 08.05.2019, jf plan- og bygningslova (pbl) § 20-1.

Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

Før igangsettingsløyve vert gjeve, skal følgjande dokumentasjon vera sendt inn og godkjent av bygningsstyresmaktene:

- b Erklæring om ansvarsrett for fagområda prosjektering ,utføring og kontrollerande §23-1
- c Arbeidstilsynet § 21-5

Klagerett.

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunnjevast.

Med helsing

Kjell Langeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Tone Selmer Skuggevik 5729 MODALEN

Mottakarar:

Forum Arkitekter AS Damsgårdsveien 5058 BERGEN
16



